




Ansa og Bansa

-Ei forteljing frå Pakistan



Det var ein gong ein stor, mørk jungel i nærleiken av ein liten landsby i Pakistan.



Der budde det ei geitemamma med dei to små geitekjea sine. Dei heitte Ansa og Bansa.



Ein dag skulle geitemammaa ut i byen eit ærend, og ho skulle vere borte ei stund. Ho sa til dei to barna sine at dei måtte love å ikkje opne døra for nokon andre enn henne, og det lova dei.



Geitemammaa gjekk til byen medan Ansa og Bansa var åleine att heime.



Det var heilt stilt i huset, og Ansa og Bansa blei litt redde.



«BANK, BANK, BANK!» Det banka på døra. «Kven er det?» sa Ansa og Bansa.



«Kremt. Det, det, det er meg, mor dykkar, som er komen heim frå landsbyen! Slepp meg inn!»



Ansa sa: «Det der høyrest ikkje ut som mamma.» Bansa sa: «Ja, du har rett, det høyrest ikkje ut som mamma. Men kven kan det då vere? Vi opnar døra og ser.» Dei opna døra på gløtt, og der såg dei ei stor, farleg løve som byrja å presse seg inn gjennom døra.



Løva greidde å kome seg gjennom døra og heilt inn i huset. Ho opna opp den store kjeften sin og slukte både Ansa og Bansa.¹⁰



I magen til løva var det skummelt og heilt bekmørkt. «Mamma, vi er i magen til løva, kom og hjelp oss! Mamma, ver så snill» ropte dei. Men uansett kor mykje dei ropte, kunne ikkje geitemammaa høre dei. Ho var nemleg langt, langt borte. Og løva vralta attende til jungelen med den svære, tunge magen sin på slep.



Om kvelden kom geitemammaa attende. Ho såg seg rundt i det tomme huset sitt. Det var så stilt der. Ho ropte på barna sine. Ingen svarte. Ho tenkte: «Kva kan ha hendt?» Geitemammaa blei redd, og ho bestemde seg for å gå inn til landsbyen. Ho gjekk og ho gjekk, og ho stansa ikkje før ho kjende varmen frå elden til smeden.



Smeden sto og slo på glødande jarn med den store sleggja si. Geitemammaa spurde ham: «Smed, smed, dersom du får mjølk av meg, kan du då lage to spisse horn av jarn til meg?» Det gjekk smeden med på, og snart hadde ho to spisse horn av jarn som ho sette utanpå sine egne horn.



Geitemammaa gjekk inn i jungelen med dei nye spisse horna sine. Ho gjekk og ho gjekk og ho gjekk.



Heilt til ho såg ein stor og farleg ulv! Geitemammaa spurde ulven: «Har du ete min Ansa, og har du ete min Bansa? Om så er, lat oss slåst!» Ulven svarte: «Å nei, eg har ikkje ete din Ansa, og eg har ikkje ete din Bansa, så vi skal nok ikkje slåst.» «Nei vel», sa mammaa og gjekk vidare. Ho gjekk og ho gjekk og ho gjekk.



Heilt til ho såg ein stor og farleg bjørn! Geitemammaa spurde bjørnen: «Har du ete min Ansa, og har du ete min Bansa? Om så er, lat oss slåst!» Og bjørnen svarte: «Å nei, eg har ikkje ete din Ansa, og eg har ikkje ete din Bansa, så vi skal nok ikkje slåst.» «Nei vel», sa mammaa og gjekk vidare. Ho gjekk og ho gjekk og ho gjekk.



Ho såg ei stor og farleg løve! Med ein kjempestor mage! Geitemammaa spurde løva: «Har du ete min Ansa, og har du ete min Bansa? Om såer, lat oss slåst!»



Løva svarte: «Grrrr... Ja, eg har nok ete din Ansa, og eg har nok ete din Bansa, så kom igjen, lat oss slåst!»



Løva og geitemammaa fauk på kvarandre. Geitemammaa stanga dei to jarnhorna sine inn i magen på løva så magen blei flerra opp.



Ut av magen kom Ansa og Bansa, og dei var heilt friske.



Geitemammaa omfamna dei begge to og tok dei med seg heim.



Geitemammaa bad Ansa og Bansa om å love at dei aldri, aldri meir skulle opne døra for nokon andre enn henne.

Snipp snapp snute, så er eventyret ute.



Animatør: Mats Grorud

Se flere fortellinger på morsmal.no